



Nytt, godt tilbud i Helgheim 10. og 11. november.

Den 10. og 11. november er det planar om eit nytt og spennande tilbud i ungdomshuset Helgheim her i Uskedalen. Då vert det lagt opp til brukthandel og kafè. Dette kan verta både nyttig og sosialt. No etterlyser initiativstakaren folk som ønskjer stand for å selja brukte eller nye ting slik at det flotte tiltaket kan gjennomførast.

Det er Liv Astrid Myhre som står bak tiltaket, og ho fortel at på lørdagen satsar dei på dame/herrekle samt sko, vesker, smykker og anna som høyrer til.

Søndagen opnar dei også opp for barnekle og utstyr. Dersom nokon har spesielle ting som fell utanfor desse kategoriane, går også det heilt fint etter avtale, men Liv Astrid gjer klart at dei ikkje ønskjer store ting som t.d. møblar.

For at arrangementet skal gjennomførast, treng ein om lag 20 som har stand, og det er rimeleg å kjøpa standplass. Det kostar 200 kr for å ha stand på arrangementet begge dagane. Stand må bestillast på førehand, og det gjer ein ved å kontakta Liv Astrid Myhre på mobil 990 42 327. Det er også mogeleg å senda melding om det på facebook. Ho bed om at interesserte er raske med påmelding då det er begrensa med plasser. Ho treng også tid for å organisera messa på ein best mogeleg måte.

I tillegg til å kika, kjøpa og prata vil ein også kunna kosa seg med god mat. Lørdag blir det salg av heimelaga kyllingsuppe, kaffi og kaker, og søndag blir det heimelaga kjøttkaker, heimelaga karamellpudding, kaffi og kaker. Det vert altså lagt opp til verkeleg koselege dagar.

Vi håpar at det vert god interesse for standar, for dette kan verta eit veldig kjekt tilbud desse to novemberdagane. Det vert ein flott plass å møtast, akkurat slik vi har behov for i Uskedalen. Telefonnummeret til Liv Astrid var altså 990 42 327.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto